

Gamalt frå Kviteeid

Nr. 11
Årsskrift 1996



UTGJEVE AV KVITSEID HISTORIELAG

KVITSEID 1996

Gamalt frå Kviteeid

Nr. 11
Årsskrift 1996

UTGJEVE AV KVITSEID HISTORIELAG

Kviteeid 1996

Utgjevar: Kviteseid historielag, 3850 KVITSEID

Boka er satt i: Times 12/13,5

Sats og trykk: **Falch** Hurtigtrykk, Oslo

INNHALD

Føreord	side	4
På skule i Tveitgrendi	Torbjörg Solberg	“ 5
Aslak T Kvålseth	Tallev Moen	“ 14
Hald deg i handa mi (dikt)	Anna Lie	“ 18
Litt meierihistorie	Gunnar Ruud	“ 19
Ymse skikkar	Hallvard Lid	“ 24
Jolefeiring i Vrådal i gamle dagar ...	Tor O Sanden	“ 35
Historiar og minne knytt til		
ferdselsveggar	Hallvard Dalen	“ 42
Politivedtektir for Kviteseid herad 1902		“ 49
Vene juni (dikt)	Anna Lie	“ 52
Ferdseil på isen	Hallvard Dalen	“ 53
Fyrste rasefesjået i Noreg - jubileumsfeiring 1956		“ 58
Godt sagt	Tor O Sanden	“ 60

Føreord

Kviteseid Historielag kjem her med si ellefte utgåve av «Gamalt frå Kviteseid». Med sine tolv artiklar og dikt, er boka meint å gje oss ein ny glytt attende til farne tider.

John Teiknar var med og sette sitt preg på alle dei ti fyrste utgåvene av årsskriftet. Utgåva i år gjev preg av at han, med bl.a. si faste framsideteikning, er borte.

Boka er i år illustrert med fotografi frå Kviteseid Historielag si eiga fotosamling. Nær 650 gamle bilete frå alle delar av kommunen vår er med i denne samlinga. På framsida er trykt eit motiv frå bryggja i Kviteseid, eit postkort truleg frå hundreårsskiftet.

Me vonar årets utgåve fell i smak!

Kviteseid, november 1996

Kviteseid Historielag
Skriftstyret
Gunnar Ruud

På skule i Tveitgrendi

Torbjørn Solberg

Eg begynte på skulen om hausten det året eg hadde fylt 6 år i mai 1924, men vart ikkje innskriven for alvor før året etter. Eg var for ung, veit du. Når eg kunne få vera i skulen endå eg berre var 6 år, kom det av at papa var lærar i småskulen i Tveitgrendi då. Me hadde fylgje både til skulen og heim att.

Skulevegen frå Skarprud gjekk gjennom Hotten, eit skogstykke frå Kjonbakk, ovanfor tunet på Nordistog, og fram til Flisbakk. Grustaket der nord har no øydelagt denne vegen. Frå Flisbakk bar det opp til Kloppmyri og Karlsrud. På Karlsrud budde Svein og Guro og Toralv. Toralv var eit par år eldre enn eg.

Så gjekk me ivi Tangan og til Utbøen. Me for allstøtt gjennom tunet der. På Utbøen budde Ola og Marie. Marie var ifrå Fyresdal, nett som mamma, og derfor tykte ho svært gildt i kon frå Sudistog. Seinare då eg vart større, og for gjennom tunet på Utbøen, hende det ofte at Marie kom ut og bad meg inn. Då fekk eg gjerne småkakur, og ho spurde mykje etter hoss me hadde det heime, om kræturi og anna. Marie var alltid veldig snål med meg.

Frå Utbøen gjekk vegen beint opp dei bratte bakkane til Nedpå-Brauti, gjennom tunet der og opp på storvegen. Vidare forbi Uppå-Brauti og opp til skulen, som låg på haugen der.

Det gamle skulehuset låg med langsida mot vegen og gavlen ned mot Brauti, motsett av slik det er i dag. Gjennom ei stor dobbel dynn kom me inn i gangen. Skulen hadde to klasserom. Det eine vende nedivi mot Brauti. Der heldt storskulen til, og Gunnar Bjørnson var lærar. Det andre vende oppivi mot Dapen, ei liti tjønn innmed vegen. I dette romet var småskulen, og her var papa lærar.

I kvart klasserom var det tri glas på eine langveggen, eit høgt kateter framme med tavla, og fire rekkjer med pultar. Det var trepultar, og me sat to på kvar pult. Eg hugsar at eitt år sat eg innmed Sigrid Heggveit, og Torhild Brauti sat på pulten framfor.

Me begynte alltid skuledagen med ein salme, og i fyrste timen var det kristendom. I småskulen bibelsoge, men seinare også forklaring og kyrkjesoge. I storskulen fekk me fleire fag, attåt norsk og rekning og kristendom, som me hadde i alle år. Eg lika godt soger og landkunne, men elles var alle fag gilde.

Me hadde songtime kvar veke, og lærde slike songar som: «Ja, vi elsker» – «Å leva det er å elska» – «Blåmann, Blåmann» – «Millom bakkar og berg» – «Tytebæret uppå tuva». Salmar lærde me au mange av: «No livnar det i lundar» – «Med Jesus vil eg fara» – «Gud signe vårt dyre fedreland» og mange andre. Skuledagen slutta alltid med ein sang eller ein salme.

I friminuttane leika me ute, når det var uteverande. Haust og vår var det sisten og siste par ut, og så ballspel. Me slo langball i tunet bak skulen. Om vintrane rende me på kjelke i den store friminutten. Me gjekk oppivi vegen omtrent til Borgejordet. Papa hadde med den store kjelken på Skarprud, og den løypte han og Gunnar Bjørnson og eg på nedivi. Eg sat trygt mellom dei to vaksne. Dei andre ungane hadde sine kjelkar med. Dei sat gjerne to på kvar. Å løype på kjelke var morosamt.

Ein haustdag kom det bod heim at skulen brann. Det var med eg gjekk i småskulen, andre eller tredje året. Då blei det oppstandelse, som vente var. Mamma og papa og alle som heime var, måtte oppigjennom og sjå. Då me kom på Tangan, såg me hoss elden lyste der uppe, og me høyrde det knitra og spraka. Me grua kon og tykte det var uhyggjeleg å sjå elden øydeleggja skulen kons slik.

Den vinteren hadde me skule på Uppå-Brauti. Der var to stogur etter kvarandre nede og eit kjøken. I stogune heldt me til med skulen. Me hadde gode dagar på Brauti, men for lærarane var det ikkje same saki. Og hausten året etter stod nyskulen ferdig.

Om våren hadde storskulen ein plantedag. Eg kjem i hug ein gong me planta på Berge oppimot Meinstad. Det var Landsverk som var lærar då. Han viste kon korleis me skulle hakke hol og setja planta slik at roti feste seg. Me hadde sjølv sagt med mat og mjølkkeflaske, og du veit maten smakar ingen stad så godt som ein fin dag i skogen.

Allstøtt var det eksamensdag om våren når skulen slutta. Me gleda kon til den dagen. Då møtte mange av foreldri upp. Papa var alltid med, og mamma så sant ho slapp ifrå. Ho var svært interessert i skulen, og ho var den som hjelpa kon med rekneuppgåvur og gav kon idear til stilar, når det trongst. Av andre foreldre minnest eg Aslak Brauti og Johans Breidalen. Døtrene deira, Anne Brauti og Dagny Breidalen var omtrent på min alder, så me gjekk i same klasse.

Eksamensdagen hadde me ikkje mat med kon, men fekk kakao og jolekake på skulen. Det var nokre av mødrane som ordna med det. Me syntest det var stor stas.

Det var jamt ein utanfrå krinsen med på eksamen. Best kjem eg i hug sakførar, seinare fylkesmann, Olaf Hegland. Han var visst formann i skulestyret, og møtta upp fleire ganger. Læraren eksaminerte kon i mest alle fag, og me måtte vise kva me hadde lært. Somme av elevane las upp små stykke eller dikt.

Eg veit eg las upp fleire gonger, men kan ikkje hugse kva for stykke det var.

Hegland tok seg gjerne ein tur rundt i klasseromet etterpå, når eksamen var slutt, og hadde eit lite ord til ein og annan. Ein gong stansa han innmed Eivind Raudkleiv. Eivind var på alder med meg, og han var svært flink og svara godt for seg. Dette hadde nok Hegland lagt merke til. Han tok bortpå hovudet til Eivind og sa: «Stort hode, og — — — meget vett.» (Elles veit me ordtaket lyder: Stort hovud og lite vit.)

Skuleåri var ei veldig gild tid. Eg treivst så godt på skulen, og hadde flinke og skjønne lærarar som eg berre har gode minne etter. Me slutta alltid skuledagen med ein song, og det kan vel høva å ta med eit vers som me sang svært ofte.

Å liva, det er å elska
det beste di sjel fekk nå.
Å liva det er i arbeid
mot rikare mål å trå.

Joletrefesten.

5. dag jol var det joletrefest på skulen. Joletre som me sa. Der var alltid fullt hus, vaksne og barn. Midt på golvet det store treet, vakkert pynta. Du, så gildt det var.

Fyrst var det tale av læraren eller ein annan. Så kveikte dei ljosi på treet, og me laga ringar og gjekk kring treet og song jolesongane. Etterpå fekk me mat: kakao og jolekake for borni, og kaffe for dei vaksne. Seinare var det leikar: «Ei vakker jente i ringen står» – «Eg gjekk meg ivi sjø og land» – «Så går me rundt om ein einebærbusk» – og fleire slike songleikar.

Det var alltid opplesing på festen, ei liti forteljing eller eit dikt. Og så var det små skodespel: «Svein og Kari» vart spela av meg og Eivind Raudkleiv. Kari var ei gamal bakstekjering, og Svein var ein skulegut som hadde lese mangt, og skulle «belære» Kari. Ho hadde lite skulegang, og ikkje hadde ho noko større tru på all «visdomen» som Svein kom med. «Prinsessa som ingen kunne målbinde» var eg au med og spela. Torleiv Tveit var Oskeladden. Han hadde slikt eit glimt i auga og passa godt til å vera oskeladd. Olav Brauti og Arne Grave spela Per og Pål, kan eg hugse.

Sist, men ikkje minst: Det kom alltid ein skikkeleg nisse innom når det leid ut på kvelden. Han hadde stor sekk på ryggen og toppluve og stav. Då veit du det vart røre. Dei fleste ungane trengde på og ville få gåve av nissen. Men somme småungar vart redde og klamra seg til mor eller far.



«Upp dei bratte bakkane til Nedpå-Brauti»

So Ann-une tvo – ei lang og ei stutt -
 det hev falle seg so.
 Dykk smiler lik fjorden som lystbåtar flaut i,
 båd' «stora» frå Skarprud og «vesla» frå Brauti.
 Men Sigrid kjem att -
 vår Sigrid frå Haugen eg gløymde burt radt.
 Der er du – – ja vel, eg skrive deg inn
 i boki mi hera det beste eg vinn.
 Men Torbjørg frå Skarprud, den lystige kropp,
 er nett som ei erle i sprettande hopp.
 Og Ingebjørg frå Lid, som smørøskje blid
 ho skin burt i flokken – du slettande tid!
 So Agnes og Margit og Tone – hi,hi!
 Dei vert til eit AMT deira forbokstavar tri.
 Og Aslaug som gjekk seg i bjørkeskog,
 so fuglane tralla på greinom og log.
 – Høyrer dykk etter ? Svar eg ventar.
 Ja vel – so fleire småtroll me hentar.
 Men Dagny – du snilde – eg gløymde burt deg
 eg er noko vadren og stutthugsen, eg.
 Enno er att storbausane sjave,
 fyrst ovkulen Einar, den kjempa frå Grave.
 So Sigvat og Tarjei, dei brørne tvo,
 som bror sin han Eivind båd' spræk og god.
 So Olav og Arne og Håkon og Kåre,
 og endå ein rugg til, den blåøygde Jon.
 Hev me då endeleg troll-ungan' våre,
 ein fagnaleg flokk av gull-gode born.
 Det var godt at alle var møtt fram her lell -
 eg tel berre upp kvar joletre-kveld.
 – So svære til lære, dei les og dei reknar,
 skriv stilar og teiknar, og vil berre gagnsverk

til hugnad for Landsverk.
 Når timen er slutt, spring småtrolli ut
 i tanande føre – og fær seg litt nøre,
 båd' gjente og gut.
 Dei hoppar og hiv seg, og slær seg og riv seg,
 er vønde og blide som lona ho sviv seg,
 men kjenner kje sut.
 So takk for i kveld! Eg fekk inn i boki mi
 skrive dykk lell.

Aslak T Kvålseth

Tallev Moen

I Ordal er det tri gardsbruk med namnet Kvålseth, Nistogu, Mittistogu og Uppigard. På kvar av desse tri gardane har det butt ein med namnet Aslak. Alle er nå døde.

For at post, brev og andre ting kom til rett person, måtte ein bruke millombokstav. For Nistogu var det Aslak T. for Taraldson, for Mittistogu Aslak O. for Olavson og for Uppigard Aslak G. for Gunnarson. Eg kjende dei alle, men best kjente eg nok Aslak T., eller Aslak Taraldsen, som enkelte kalla han.

Aslak T. Kvålseth og familie var av mine næraste grannar frå våren 1933. Dei hadde då fenge kaupt suistogu Åsmundtveit, i buet etter Tone og Harald (Hårald) Åsmundtveit. Førre dei kom til Åsmundtveit budde dei fleire stader. På Seljordsheia, der kjeringa var frå, så til gamleheimen Moen i Dalane der dei dreiv garden, så til bilethoggar Gunnar Utsond på Neset, så til Midtsund, vidare til Gjervold i Brunkeberg, og ei kort tid på Flat-Sandland før Åsmundtveit var til sals.

På garden var det mykje å gjera, fyrst var det å dyrke upp meir jord. På denne tida var det berre spade, spett, hakke, slegge og ei våg som ein kunne bruke. Det var lite pengar og lite arbeid blandt folk, så det var mange som braut for bidraget som Staten gav. Eg minnest fleire som var der og braut åker. Fyrst vil eg nemne Knut Jensen frå Ordal som ein trugen åkerbrotar. Så var det to frå Kviteseid, Sámund Åkeren og Håkon Lauvnes. Sámund var onkel til Håkon. Dei braut i ein del av jordet som vert kalla Hjasahølo. Den seinste staden som vart brøte opp, var i Slemmedal. Trur det var i 1939. Dei som braut der var Gunleik Bjåland, Håkon Haugen og Toralv Smeland. Det var eit høysel i Slemmedal, men

det var alt for lite. Taket vart jekka upp av Åsmund Nordskog. Aslak køyrte burt mykje stein frå åkerbrøti med hesten sin. Store steinrøysar vitnar om det. Åsne var og med og leste stein, når ho hadde tid. Ho hadde og stor interesse for gardsbruket.

Det blei mykje høy på garden, så høylåo vart alt for liti, fjøset var gamalt og for lite. Så kom okkupasjonsåri 1940-45, og ingen ting kunne bli gjort med husi.


I 1946 kom det ny løe og nokre år seinare nytt fjøs, og så silo. Aslak hadde hest i alle år. Han tok på seg å gjera våronn fleire stader. Han sa at det syns taka til 1. mai og halde på til jonsåk. Det siste var grønforet som enkelte måtte ha til kyrne. Aslak var til Bukkøy og gjorde våronn fleire gonger. Han måtte då ha hesten i ein stor pråm, sa han. Under krigen måtte Aslak levere ein hest til tyskarane. Det vart sagt at båten med hestar vart senka ute på sjøen.

For all dyrkinga og stell av garden fekk Aslak premie frå Tor Vaa's jorddyrkingsfond. På den tidi vart ikkje kjerings namn teke med. Urettferdig, syns eg.

Aslak var kjent for å vera så god til å få sagt det. På sin lure måte kom det, utan å tenkje noko større på det. Då Aslak og familie budde på Neset, skulle Gunnar og Aslak ein dag til Kviteseidbyen for å handle. Eg let Aslak fortelje: «Så var det ein dag Gunnar Utsond og eg skulle burt i byen for å handle. Me skifte på oss andre klær, og Gunnar hadde på seg ein «panamahatt». Me bruka motorbåten. Då me var ferdig med handelen og for på heimveg, og det nærma seg land, ba Gunnar om eg ville styre båten. Han måtte ordne med noko. Men eg, veit du, kunne ikkje styre nokon motorbåt. Eg styrte inn i nokre holt i strandkanten. Gunnar vart så sinna. På vegen upp til husi så segjer han, at det var fælt å bli sinna på meg for dette. «Eg hadde måtta vist at ingen frå Ordal kan køyre motorbåt», sa Utsond.»

På same tida trefte Aslak ein mann som budde på andre sida av fjorden. Dei treffest vist for fyrste gong. «Seg meg på ein ting, kjende du nokon ting til meg før du kom ned til Kviteseid», sa mannen. «Å, ja,» sa Aslak, «var det ikkje deg me såg bilete av i ABC'a, den mannen som bar på den kønnsekken?». «Hu», sa mannen, og stakk frå Aslak.

Ein dag skulle Aslak på riksvegen med hesten. Båe var redde når dei møtte bilar. Hesten var noko skvetten av seg elles og. Kven som var reddast, veit eg ikkje. Best det var, møtte dei ein oppsynsmann frå Statens vegvesen. Hesten var redd, og Aslak vart redd. Uppsynsmannen stoppa, sveiva ned ruta i bildøri og ropa: «Kven er reddast? Er det du, hell er det hesten?» «Å, det er nå hesten, det», sa Aslak «han vert så redd når han ser fatigfolk med lånte bilar».



Høyonn på Neset i Kviteseid

Eg var til Aslak på dagen han fylde 80 år. Eg hadde med eit telegram frå ein som budde utanbygds. Eg gav Aslak telegrammet. Han opna det, las det og la det inn att i konvolutten, men sa ingen ting. «Kven var dette frå», spurde kjeringi. «Det var frå jordmori», sa Aslak, «ho takkar for alle oppdrag!».

Så var det ein gong Aslak køyrde med meg på bui. Han hadde bli-ve enkemann, og var nå over 80 år. Utanfor Brunkeberg Daglegvare treffer me Olga. Ho var av same alder som Aslak, og hadde ikkje vore gift. Det blei moro av det. Aslak skjemta og det same gjorde Olga og eg hjelpte til. Så ville Aslak og eg inn i bui. Aslak snur seg brått, sveivar med keiva og segjer til Olga: «Nå må du ikkje kaupe av dei høge banevognene, for ongane er så ille til å trille utor». Olga sette i ein høg latter.

Hald deg i handa mi

Anna Lie

Kolmyrkje julekveld.
Isblank og farleg
er leida vi går
heim i frå kyrkjegang.
Famlande, varleg,
fylgd av malmtung klokkeklang
skrid flokken fram.
Då høyrer eg tett attmed sida mi:
– Å huff da så glatt!
Tenk om du datt.
Kom her med handa di,
eg dett ikkje, eg,
men hald deg i meg.
Så støtt som eg gjekk
berre eg fekk
snerta så vidt
borti seksårshanda.

Litt meierihistorie

Gunnar Ruud

Fredag 15. november 1996 gjekk flagget til topps i Kviteseid-bygda. Meieriet skulle få leva vidare. Eit nytt kapittel i meierihistoria i Kviteseidbyen tok til.

Heilt sidan Kviteseidbyen for alvor tok til å vekse fram på slutten av 1800-talet, har byen hatt meieridrift i ei eller anna form. Det fyrste kjerneriet kom i gang i 1892. Byen var på den tida inne i ein hektisk byggeperiode, og i 1896 stod eit nytt meieribygget ferdig. Reisinga av dette meieribygget var ein medverkande årsak til at Erik Werenskiold synest at han hadde hatt eit mislykka opphald i Kviteseid sommaren 1896! Han skriv: «Jeg har vært i Kviteseid en måned, men det var en skuffelse. Landsbyen er ganske ødelagt, nytt meieri, ny pakbod, omhugne trær..., et motiv som jeg malte ifjor og kanskje hadde benyttet som bakgrunn til et figurbillede i år, var, jeg hadde nær sagt, forsvunnet. Jeg fikk intet gjort, brøt oververt og reiste hjem.»

Fleire av handelsmennene prøvde seg med meieridrift opp gjennom åra. I 1900 heldt meieriet til i ein av dei nye bygardane på Lunden-sida av gata. Sigrid Midtgarden frå Fyresdal var meierske. Ho dreiv samstundes strikkeforretning i byen. Med seg som «meierielev» hadde ho Gro Midtgarden. Få år seinare dreiv Gunnar Knudsen meieri i forretningsbygget sitt på hi sida av gata. Nokre år seinare var meieridrifta i gang att i Råmunddal-huset.

Tanken var levande mellom mjølkeprodusentane om å skipe sitt eige meieri. I januar 1923 møttes interesserte gardbrukarar frå Kviteseid og Brunkeberg i gjestgiveriet hjå Aslestad for å få i stand eit slikt. Dei vart samde om å gå i gang med eit andelsmeieri under namnet Kviteseid Andelsmeieri. Dei vedtok å ta opp lån i

Kviteseid Sparebank på 2000 kroner for å få meieriet i drift. Til stades på dette fyrste skipningsmøtet var Sveinung Lundevall, Knut Ståland, Hans Vrå, Thorvald Smeland, Knut Hosum, Sveinung Groven, Harald Smeland, Aslak Syftestad, Eivind S Groven, Eivind O Groven, Sveinung Gotuholt, Gunnar Bjørnson, Tor Syftestad og Hans Omland.

I det fyrste styret for dette meieriet sat Sveinung Gotuholt, Sveinung Lundevall og Hans Omland, med fyrstnemde som formann.

Vel ein månad seinare vart meieriet sett i drift i kjellarlokala hjå Aslestad. Ragnhild Strandrak vart tilsett som meierske. Dei fyrste månadene fekk leverandørane 25 øre kiloen for mjølka. Det fyrste driftsåret tok meieriet mot vel 50.000 kg mjølk.



I Råmunddal-huset vart det drive meieri og mjølkeustad

Etter halvtanna års drift, vart det halde ekstraordinær generalforsamling i meieriet. Spørsmålet var om ein skulle legge ned eller fortsetja drifta. Det var for få som leverte mjølk, og skulle meieriet halde fram, måtte ein freiste å skaffe fleire leverandørar. Dette lukkast ikkje, og meieriet stoppa drifta midt i september 1924.

Det påfylgjande året gjekk med til å avvikle meieriselskapet på beste måte. Det var ikkje lett å bli kvitt meieriutstyret, i alle fall var det vanskeleg å få nokon særleg pris for det. Det kom bod frå utanbygds folk, men det låg langt under det meieriet kunne akseptere.

Meieriutstyret vart ståande hjå Aslestad. Heile året 1926 gjekk utan at det vart funne noko løysing. I 1927 kom det i gang drøftingar mellom meieriet og Kviteseid Handelslag, som sysla med tankar om å starte opp meieridrift.

Hausten 1927 sette Kviteseid Andelsmeieri i gang drifta att. Det hadde nå kome med ein god del fleire luteigarar, og årleg innlevert mjølkemengde vart dobla. I styret for meieriet sat på denne tida Harald Smeland, Eivins S Groven, Hans Vraa, Sveinung Gotuholt og Leidulf Hosum.

Leverandørane fekk nå 17,5 øre kiloen for mjølka. Mjølkeprisane på denne tida var 25 øre literen for nysila, 10 øre literen for skoma og 12 øre for saup.

Den auka trafikken av hestekarar med mjølkespann til meieriet, vart eit fast innslag i bybiletet. Karane møtte tidleg opp, og tok seg gjerne tid til ein kaffekopp og ein prat på ein av kafeane i byen etter at dei hadde levert mjølka. Det vert sagt at hestane etterkvart vart så kjende på vegen til og frå meieriet, at dei kunne ta turen med mjølkespanna aleine!

Meieriet fekk mange problem å stri med i åra som kom. Fleire og fleire ynskte å levere mjølk, og meieriet freista å marknadsføre

produkta sine stadig vidare i Vest-Telemark. Etter kvart måtte meieriet seie nei til nye leverandørar avdi mjølkemengda vart for stor. Ostelageret bygde seg opp, og meieriet måtte stoppe ystinga ein periode. Til stor misnøye for leverandørane, som måtte ta mjølk i retur. Meieriet freista å bøte på situasjonen ved å setja i gang nye produksjonar. I 1928 starta meieriet pultostproduksjon. Elles var gamalost og knåost mellom dei tradisjonelle ostane.

Til tider var det nokre av leverandørane som selde mjølk utanom meieriet, og dette sette samhaldet og samvirketanken på prøve. Meieriet oppmoda leverandørane sterkt om å lata slik handel vera.

Dei hygieniske tilhøva og den vanskelege mjølkehåndteringa sumarstid sette meieriet på prøve. Det hende mjølka hadde blitt sur eller skjemd før ho rakk fram til meieriet, og måtte sendast i retur. Drifta av ishuset i Kviteseidbyen var ein viktig del av meieriets verksemd. Meieriet heldt seg alt frå starten med eige ishus. I åra fram til den nye oppstarten av meieriet i 1927, hadde ishuset forfalle. Huset vart reparert, og i mars månad starta førebuinga av sommarsesongen. Torgrim Seland skar isblokkane ute på Sundkilen, og saman med Hans Omland fekk han dei køyrt opp til ishuset. Store mengder sagmugg frå Nyland måtte til for å dekke isblokkane til.

På den økonomiske sida var det også mange skjær i skjøen. Det var i denne tida ikkje alltid like lett å få inn det meieriet hadde uteståande. Kontantsal vart difor innført. Oppretting av driftskreditt måtte også til for å innfri forpliktingane i høve til leverandørane. Det var vanskelege og urolege tider, og mjølkeprisane vart justert opp og ned nærmast frå månad til månad.

I tillegg til meierske, hadde andelsmeieriet ein person til å føre bøkane. Eivind Sundsbarm var forretningsfører i mange år. Som nemnt var Ragnhild Strandrak den fyrste meierska. Ingegerd

Utsond overtok då ho slutta. Seinare kom Ingebjørg Berge, Helene Vefall og Turid Kiland.

Ein gong medan Ingebjørg Berge var meierske, kom lensmann Sandvik inn på meieriet og klaga på pultosten. «Hva er det du har hatt i denne pultosten, som er så vond?», spurde han. Sandvik var ihuga riksmålsmann. «Landsmål», svara Ingebjørg.

Meieriet heldt til i kjellarlokala hjå Aslestad ut året 1931. I romjola dette året flytte meieriet inn i kjellarlokala i det nye forretningsbygget som Sigurd Nørstrud hadde sett opp på nabotomta, eit hakk lenger opp i gata. Her var Kviteseid Andelsmeieri i drift fram til det nye Kviteseid Meieri starta opp i 1936. Andelsmeieriet var ferdig avvikla og oppløyst i 1938.

Ymse skikkar

Hallvard Lid

(I 1936 gav Hallvard Lid ut boka Folkeminne – samla og oppskrive av Hallvard Lid. I føreordet skriv han mellom anna: Det er tanken med desse få oppskriftene å gjera litevetta for å kveikja hugen til segner og sogur – og anna liknande – som hev høyrte fortidi til, og som helst liver på folketunga – og dør smått um senn med dei gamle sogeforteljarane. Me gjev her att det han i boka skriv om ymse skikkar.)

På friarfot

Fyrr i tidi var folk gjerne meir bljuge av seg enn dei er no, allvisst syntet seg slik når ein gut skulde av og fri. Um sumaren låg gjerne dei gifteferdige gjentone i loftet, i bursvali eller i eit anna uthus. Um vinteren låg dei mest på fjøshjellen, fjøslemen, som den og vart kalla. Denne hjellen var innlengst i fjøset og vart ofte laga med same fjøset vart bygt. Hjellen var laga av skanta (telja) stokkstubbar, lagde side um side frå den eine langveggen til den andre. På sume av desse hjellane kunde det vera rom til fleire sengjer side um side. Fjøshjelli vart soleis sengjeplass um vintrane og folk tykte visst det hōvde godt til det bruk.

Dei gutane, som vitja desse «uteliggjarane», vart kalla «utefljugarar». Ofte var det fleire saman, og dei for helst for å halde leven og dermed få moro. Men var det ein som verkeleg vilde fri – han vart ofte kalla «bele», for han so lōynleg som råd. Han hadde oftast med seg ein «belegut». Han skulde få ut gjenta og stundom hjelpa til med å få rōda på glid. Beleguten var helst ein ungar, men det kunde og vera ein mann, og då sa folk at det hadde meir på seg, var meir ālvor med friingi. Men helst var det vel for at ikkje beleguten skulde tala med belen um gjenta, for det hende og stundom. Um det no vart

avgjort millom tvo at dei skulde gifta seg, so freista dei å halda det lōynt til straks fyre brudlaupet.

Trulovingsring var ikkje i bruk i dei tider, men guten gav gjenta si gāvor – helst syljor, malir eller annan sylvstas – stundom ogso silkeplagg.

Å beda til lag

Når dei skulde tura brudlaup ein stad – anten det var hjā fatige eller rike – so laut gjestene verta bedne på ein vyrdskeleg måte.

Nokre dagar fyre brudlaupsdagen vart det sendt ut ein «bedar» dei kalla. Han måtte reisa i dei finaste kledi sine. Når han kom fram til ein stad og skulde beda – um det so var hjā grannen – so måtte han nevehelse på alle, både små og store. So vart han boden å sitja.

Frā det fyrste var han fāmælt og såg ut som han var bljug, tala so litt um vind og vér til dess han hadde fenge noko av det folki hadde å bjoda på. Hadde dei øl og brennevin, gjekk det fyre alt.

So laut han då fram med målemnet sitt. Det var ofte med eit slikt ordelag: «Eg skulde beda Dykk både små og store, til brudlaupet på N.N. Brud og brudgom ynskjer det so gjerne». So vart det takka mykje for bodi, og når han no hadde fenge rikeleg av mat og drykk, for han vidare. Når bedemannen kom heim etter fullført arbeid, var han ofte so full at han snaudt kunde ganga. Til bedar vart det helst teken ein som hadde lett for å tala for seg.

Brudlaupet

Når gjestene kom til gards, vart dei mottekne på tunet av spelemannen og kjøkemeisteren. Den siste ynskte dei velkomne til brudlaupet og skjenkte dei «velkomstdrammen». So spela spelemannen «brudeslåtten», og gjekk fyre inn, dei andre etter.

Kjøkemeisteren baud gjestene setja seg og spelemannen dreiv på å spela til alle hadde sett seg. So vart dei bodne øl og dram, medan ei jente gjekk etter og baud «brudlaupskakor» og andre småkakor. Brud og brudgom fekk ingen av dei sjå endå. Dei heldt seg helst i loftet eller ein annan stad til alle gjestene var komne og skulde til bords. Alt det beste som var i huset av mat og drikke vart bore på bordet. So spela spelemannen «brudemarsjen» og kjøkemeisteren bad folki setja seg til bords. Brud og brudgom, som no hadde kome inn, gjekk arm i arm til bordet og sette seg i høgsetet. Båe tvo var framifrå uppstasa. Brudi hadde skautrull, syljor og annan sylvstas. Brudgomen hadde knebuxsor med sylv-spenne på knei og på skorne. Slik brudestas gjekk i lån til fatig-folk – og mange andre og som ikkje hadde noko slikt; for den dagen skulde det i somåte vera likt for alle.

På høgre sida av brudgomen, sat brudi og på venstre side brudesveinen (ein ungkar). Ved sida av brudi sat tvo brudekonor og ved sida av dei ein eller tvo hjåsettmennar, som dei vart kalla. Tvo slike sat ved sida av brugommen og. Dei andre gjestene fekk plass so nokorlunde etter skaldskap og rang. So vart «brudeskåli» drukke med spelemannen spela. Etterpå åt og drakk gjestene alt det dei hadde hug til. Maten var: Turrmat: kake, flattbraud (kling og tunnbraud), smør, gomme (søt mjølk, som vart koka so ho vart tjukk som linnprim), gamalost, søtost, søtprim, rakefisk (um vinteren), og stundom spikekjøtt og spikeflesk. No var det nok ikkje alltid dei hadde so mykje og so mange slag suvl på bordet med ein gong, men oftast var det rett mange. Drikkevara til maten vart helst ølost og lenger fram i tidi vart det kaffi – sume stader båe slagi. Samrøda gjekk jamnast rektig godt – takka vera det sterke ølet og drammane. Brennevinsglasi vart ofte fyllte og ølbollen for tett etter.

Straks etter dei hadde ete, laut dei sjå å koma seg avstad til kyrkja. Anten det var vinter eller sumar var det ovgildt å ha mange hestar i

brudeferdi, når der var køyrande veg. På fremste køyredoningen sat spelemannen, og han spela mykje både til og frå kyrkja – jamvel ved sjølv kyrkjeporten. Til alle store brudlaupslag var dei mykje vandne um spelemannen – berre den beste var god nok. Dei hadde ofte med seg både mat og drikke, når dei reiste til kyrkja, sjølv um det var berre ei halv mils veg. I alle tilfelle hadde dei med øl og brennevin. Det hadde dei og med når ein gut skulde henta heim gjenta si, dersom det var eit stykke å reisa. Dei kvilde og åt på vegen. Høye Steinarson Skeie i Flatdal fekk ei jente frå Morge-dal. Til den heimflutningi hadde Skeiefolki bryggja ei tunne malt. Ølet, brennevinet og maten hadde dei standande på Midtbøen i Seljord – der beleferdi skulde kvila, når dei kom att frå Morgedal.

Når folki so kom heim att frå kyrkja, stod maten ferdig. Det var middagsmat – gjerne fleire rettar. I sume brudlaupslag var ofte ein av rettane rjomegraut. Når grauten skulde berast inn i stova, laut spelemannen ganga fyre og «spela inn grauten», som det vart kalla. Til maten vart det bode både øl og dram. Det varde jamnast ikkje so lenge fyrr mange kjende seg rett i godlag – serleg dei som hadde teke godt til seg på kyrkjevegen.

Det var ei vanleg moro ved bordet å «akkordera». Brudgomen skulde liksom kaupa brudi. Det var hjåsetmennene av brudgomen saman med brudesveinen som på vegne av brudgomen skulde verta samde med hjåsetmennene av brudi um ein viss pris som brudgomen skulde ut med for å få henne. Mange kvasse ord vart sagde i slike høve. Stundom var det mange av gjestene som tok deil i ordsiftet, og då sume av dei kunde vera ordhoge, var slike ordsifte det gildaste i heile laget. Men stundom kunde soverne ordsifte verta upphav til uvenskap og til slagsmål.

Brudlaupsgjestene kom med «sending» – oftast smør eller pengar.

Sume brudlaup vart kalla skålelag – kven som vilde kunde då koma til dei; men so laut dei leggja dugeleg mykje i skåli (reide

pengar). Mange pengar kom inn i sovorne lag; men so kann du tru det gjekk mykje ut att til mat og drikke.

Høye Kjetilson Øverland i Seljord hadde fyrste brudlaupet sitt som skålelag. Han bryggja 12 tunnor til brudlaupet, og det varde i 8 dagar. Brudlaupet stod i eit av dei fyrste åri i 1800 talet.

Når dei store brudlaupsferdene var ventande til kyrkja, møtte der jamnast upp mykje folk. «Glosarar», vart dei kalla. Men so var der fælende mykje fint å sjå då, veit du. Kvinnor og menn uppstasa so det lyste av dei. Hestane, seletyet og køyredoningi var og verdt å sjå. Jamnast var det mykje drykk i laget, som førde uvenskap med seg – og stundom enda det med slagsmål og dråp.

Barnsøl.

Straks eit barn var født, kom grannekonor og skyldfolk som budde i nærleiken, med «sending», rjomegraut, smørgraut og stundom berre smør. Var det til fatigfolk dei reiste med sending, so hadde dei med ymse matvaror og stundom klæde til borni, der det var turvande.

Grauten vart boren i eit trespann, som var gjort berre til det bruk. Vart det bore smørsending, bruka dei ei sendingskorg som var gjort til sovore bruk. Både grautespanni og sendingskorgene var gjerne ovfine – ofte rosemåla eller brennemerkte, det var i allefall tilfelle med grautespanni. Både spanni og korgene vart mykje burtlånne til slike som ikkje hadde sjølve.

Det var helst dei fyrste 8-14 dagar etter barnefødsli at «sendingskjerringane» var ute og for, men sume av dei kunde ventet i nokre vikor.

Det var vanleg tale, når ein framandkar kom inn på ein stad, der det hadde kome ein ny «verdensborgar», at han laut «leggja på

vogga» – gjeva ei pengegåva – um den vesle var ein gut, elles hadde vesleguten rett til å taka hovudplagget av framandkaren. Var den vesle ei gjenta, hadde den framande ingen plikt på seg – men han gav oftast likevel. Var det ei kvinne som kom, var hennar skyldnad heilt umsnudd – slik at ho laut gjera mot veslegjenta som framandkaren gjorde mot vesleguten, og mot vesleguten laut ho gjera som framandkaren gjorde mot veslegjenta.

Borni vart gjerne døypt i ung alder – helst fyrr dei vart eit halvt år. Var dei sjuklege, vart dei helst døypt heime då som no. Den dagen dei var til kyrkja og døypte barnet, hadde dei gilde i heimen – stort eller lite – etter som rådi var. Mat og drykk var då umlag som til brudlaupi; men sjølvstakt var der ikkje tillaga so mykje, då der ikkje var so mykje folk. Dei som var der, reiste gjerne att seint um kvelden eller fram på natti. Var dei nærskylde, eller hadde lang veg, var dei ofte til neste dag.

Til dåpsgildor som vart kalla barsøl (barnsøl) kunde kven som vilde koma, det vart ikkje bede; men dei laut koma med sending. Graut hōvde ikkje då. Kvinnone kom helst med smør, – karane gav pengar. Var der fatigt i barnsølsheimen, vart det ofte gjeve matvaror av ymse slag – t. d. korn, mjøl, poteter, suvl – og ikkje sjeldan klædesvaror. I eit slikt barnsøl var det ofte spel og dans og turing – og stundom uvenskap og slåsting. Barnsøli no liknar meir på dei som var fyrr enn brudlaupi gjer det.

Likferd

Tillagingi av mat og drikke var umlag det same som til eit brudlaup og barnsøl. Drykk vart det ikkje spart på då heller. Det var ikkje so sjeldan å sjå fulle folk i ei likferd. Av eg til vart det uvenskap og slagsmål ogso der.

Det var vanleg å beda til likferds, og er det enno, dersom det ikkje i bladi er gjort kunnigt at det er fritt for kven som vil.

Bedingi gjekk fyre seg umlag på same måten som til brudlaup, ordleidingi var sjølv sagt onnorleis. So laut bedemannen heile tidi vera ålvorleg – endå han, som oftast fekk både mat og drykk til å kveikja seg på.

Det hev heilt inntil nyleg vore skikk og bruk at likkistone skulde vera svarte – medan dei no skal vera kvite. Uppå loket skulde ligga ei salmebok og standa eitt eller tvo ljøs. Ljosi vart tendra fyrr det vart sunge og tala fyre avreisa til kyrkja. Slik er det ogso enno. Når ferdi skulde reisa frå likferdsgarden, vart det skjenkt både øl og dram til ære for den avlidne (den avlidnes skål.) Denne skåli vart stundom til yvermål for sume, då dei hadde fenge meir enn nok fyrr.

Etter at likferdi kom att frå kyrkja, fekk dei mat og drikke; (midagsmat) slik er det no og. So var det berre dei som verkeleg syrgde som var sturne; dei andre hadde lagt att den tunglynde maska ved kyrkja. Det var ikkje sjeldan å høyra både lått og skjemtord. Likferdslagi heldt gjerne på til langt fram yver natti, nett som barnsøli.

Dugnad

Dugnad var helst å rekna for eit utslag av gløgt arbeidsvit og hug til moro. Dei folk som laga dugnad var helst slike som skyna seg på å sameina det hugnadsame med det nyttuge. Um eit større arbeid skulde gjerast og helst um det skulde gjerast snøgt, t. d. å skjera ein kornåker som det hasta med, grava upp potetone, tekkja eit hus, draga heim høy or heidi – då vart det tillyst dugnad, og det var oftast meir enn nok av dei som møtte opp til arbeid, og det gjekk som ein leik.

I Vest-Telemark sa dei helst dugnad, men lenger aust yver sa dei mest dugning. Ordet dugnad er uvisst å vita kva kjem av; men det kann tenkjast at det kann kome av dugde, dugaleg eller liknande

ord. Det vert sagt: «Det var dugaleg mykje». Og det var dugaleg mykje arbeid desse dugnadsarbeidsfolki gjorde. Difor kunde det vel ogso vera rett å segja at dei var dugande (dugnad?)

Um kvelden, når dei hadde gjort arbeidet frå seg, fekk dei mat og drikke, og noko seinare på kvelden kom spelemannen og nokre andre som var innbedne, både eldre og yngre – trass i at dei ikkje hadde vore med i arbeidet um dagen. Dei heldt gjerne på heile natti, og det skifte med eting, drikking og dans. Det gjekk mykje til både av øl og brennevin, for dei sputta nokorkje i staup eller i skål i dei tider. Ja, og so gjekk det ikkje so radt lite til av mat heller, det vart ikkje noko billeg moro um ein skal verdsetja det, som gjekk til, etter vår verdsetjing, men dei gådde vel ikkje so stort til det, for både grjon og suvlvare hadde dei, øl bryggja dei – og brennevin brende dei, so dei slapp å ut med reide pengar.

Det var både rike og fatige som laga dugnad; difor var ogso traktementet etter det. Det var ei æresak å vera med å gjera både mykje og godt arbeid, men so var det ogso ei æresak å gjeva mykje att for arbeidet – serleg av moro då.

Kast

For umlag 60-70 år sidan og lenger attende i tidi – skipa mange fatigfolk til samkomor som vart kalla «kast». Kva namnet kjem av er ikkje visst å vita; truleg kjem det av dei mange kviike kast som dei spræke gutane gjorde i dansen. Ein mann som vanta mat og klæde til seg og huslyden, gjorde kjent, at han vilde hava kast på ein stad som han namnga. Ofte kunde han ikkje ha det heime, då husmannsstovone helst var små, so det var for lite rom til den store flokken som skulde svinga seg i dansen. Difor laut gjerne husbonden hans låna han hus. Til eit kast var det vanleg å ha berre drikkevarer, ikkje mat; men øl og brennevin hadde dei gjerne mykje av. Du veit, det var um å gjera å få folk i godlag, so dei

vart fluse til å gjeva. Gavone var store og små etter som gjevarane hadde råd og hjartelag til. Det vart sjeldan gjeve pengar, men helst matvaror av ymse slag, og stundom ty til gongeklæder. Det hende og av og til at godgjerande folk laga til kast for andre, som dei vilde hjelpe, um desse var so atterhaldne at dei ikkje fekk seg til å laga til kast sjølve

Livemåte

Livemåten skifter – allvisst noko – etter som rådi er; men det er og andre meir vidtfemnande grunnar, som t. d. påverknad frå andre kantar. So hev det vore fyrr, og so er det no.

Av kyrne fekk dei mjølk, som dei felde, d. v. s. let ho standa i tråg eller kollor til ho vart tjukk og rjomen vart liggjande oppå. Noko av denne mjølki vart bruka til grauten – til dugurds og kvelds. Dei bruka mjølk i staden for suppe til middag. Middagen vart kalla ondålen og vart eten so umlag kl. 3. Hadde dei meir mjølk enn dei trong til dette, so yste dei sjørost (surost), som seinare vart til gamalost. Mysa vart helst gjeve til grisane um det var heime på garden då; men var det på stølen, skirde dei gjerne mysa og sika av det klåre ovanpå, men gruten, som vart attleggjande på botnen, vart blanda med saup (kinnemjølk) og koka til kabrette. Kabretta vart henta heim og blanda med vatn; denne blandingi vart bruka til maten i staden for mjølk. Den blanke mysa vart koka til «surprim». Primet bruka dei attåt smør og flatbraud.

Um sumaren vart smøret lagt i treholkar, og det dei ikkje trong sjølve, vart selt til landhandlaren i bygdi. Stundom reiste dei til byen med smøret sitt – då fekk dei seg betre betala, og so fekk dei med heim att brennevin og ymse andre byvaror.

Av den søte geitemjølki yste dei helst søtost, medan mysa vart koka til prim. Både surosten, surprimet, søtosten og søtprimet bruka dei sumt sjølve framyver vinteren, og sumt vart selt.

Det var helst sauer som vart slakta um hausten; men på dei større gardsbruki, der hushaldet var stort, slakta dei og storfé. Grjonvara var – attåt potetor – byggkorn, som vart turka på badstova. Ei slik stova var det mest på kvar gard. Dette mjølet vart helst bruka til graut og flatbraud. Av flatbraud vart det gjerne baka so mykje av um gongen at dei hadde heile halvåret, – ja stundom året. Dei sa at gamalt braud var so mykje drjugare enn nytt. Hellekakor, slike som vart steikte på ei takke, var mykje laga av byggmjøl og potetor, som vart koka, skula og malne på ei potetkvern.

Matstellet hjå dei rike og fatige var nokso likt – skilnaden var helst at dei rike hadde so mykje meir mat – og fleire slag. Slik var det vel og med drikkevara au. Matmåli var: åbiten, (turmat) tidleg um morgonen, dugurden, kl. 10 fm. (graut og mjølk) ondålen, kl. 3 em. (middagsmat) og nettveren um kvelden (graut og mjølk.)

Fyrr var folk tidlegare uppe enn no både vinter og sumar. Um sumaren kl. 3-4 og um vinteren kl. 5, men so la dei seg gjerne tidlegare enn folk flest gjer no. Ein kann visst trygt segja at folk livde meir helsesamt fyrr. Men for å halda seg heilt til sanningi lyt ein nok segja at dei var ikkje på langt nær so reinslege som no. Som ei fylgd av det at dei var meir ureinslege, kann det godt hende at ymse sjukdomar hev kome inn, som t. d. skurv og skabb.

Arbeid

Arbeidet fyrr og no er meir likt enn livemåten, men skilnad er der no likevel, og denne skilnaden kjem ikkje minst av arbeidsgognene. Ein annan skilnad er der og, nemleg den at folk no ikkje er so trottuge som fyrr – og so smånøgde. Ein mengd med gardar og plassar, som no er attlagde, skaffa arbeid og føde til mange menneskje og hadde soleis stor innverknad på arbeidslivet i bygdene. Fleire av desse heimane låg høgt til fjells. Desse vert no – sume av dei – bruka til stolar, medan andre hev heilt vorte villmark. På

stølane var det fyrr mykje meir liv og verksemd. I den retning er det stor skilnad på Telemark og Gudbrandsdalen t. d. Truleg er orsaki den at folki i den fyrst nemnde landsluten ikkje tykkjer lønsemd i svarar til strevet.

Fyrr var folk mykje meir «alt mogeleg mann» til å laga gogn, klædebunad og husbunad. Vidare so var det mange fleire bygdekunstnarar både av menn og kvinner. I rosemåling, treskurd, saum og veving t. d. hadde dei vel kome lenger fyrr enn no. Derimot stend folk lenger framme no, når det gjeld jorddyrking. På ein slik ting skynar dei seg betre – og dertil kjem at dei hev betre jordbruksreidskap. Når det no var so vel, at ein kunde halda fast på det gode gamle og sameina det med det gode i det nye, og skrinleggja det som er låkt både gamalt og nytt, so vilde me nok gå inn i ei ljosare framtid.

Jolefeiring i Vrådalen i gamle dagar

Tor O Sanden

So lenge som segn og soge veit hev det vore jolefeiring i landet vårt. Jol var noko som folk såg fram til med lengt og glede. Då vart det ei tid med god mat og kvild etter slæp og slit i skog og hei, etter mat og brendsel for folk og dyr. Ein veit ikkje rektig kva ordet jol kjem av, men dei fleste hev kome til at det var navnet på midt-vinters månaden. Kalenderen hev no ymsa litt gjennom tide-
ne. Heilt attende i heidningtida heldt dei midtvintersblot, truleg til ære for soli som då vende. Og då denne tida fall so nokonlunde saman med det dei meinte var Jesus fødselsdag, var det naturleg å halde fest då. Jesus var då sjølve ljuset, ja, livsens sol.

Men om dette var ei gledetid for folket, var ogso denne mørketida i året ei farleg tid, då vondemaktene var ute og herja. Serleg utsett var Lusi-natti den 13. desember og jole- og nyttårsnatti. Det galdt og verne seg mot desse mørkemaktene, so dei sette tjørækrossar over stall- fjøs- og stabburdør.

Lusi-natti var lengste natti i året. Ei viss tid denne natti kunde dyri tale. Kyri vart både svolti og mjølketrengd, so ho rauta ut: «Lusi-natti – den lange».

Desse nevnde tri nettane var og Oskereii helst ute og for. Dei tenkte seg at dei som ikkje hadde gjort rett og sjell for seg på jordi, dei fekk ikkje fred i gravi. Dei gjekk att. So Oskereii bestod av illgjerdsmenn, trollkjeringar, deildegastar, tjuvar og kjeltringar. Dei reid i lause lufti på svarte hestar og fyrst i ferdi reid Guro Rysserova. Kven kjenner ikkje Welhavens kjende dikt:

Lydt gjennom luften i natten farer
Et tog på skummende sorte heste.
I stormgang drager de vilde skarer,
de har kun skyer til fotefeste.

Heller ikkje her i heradet var me sparde for desse styggingane. I Vrådal tok dei ein hjuringgut som vart sist i badstoga og på Dalen og Skarprud for den ville ferda fleire gonger. (M.B.Landstad: Mystiske Sagn fra Telemarken.)

Det var travelt fyre jol, for jolekvelden skulde alt vera ferdig. Og i joli måtte ein berre gjera det mest nødvendige og joli varde til tjugandagen. Serleg farleg var det å arbeide med noko som sveiv rundt t.d. kvern og rokk. Mange tok og gøymde vekk rokken i joli, so han ikkje skulde freiste nokon.

Dei slakta og baka i god tid før jol. I dei fleste heimane gjorde dei alt arbeidet sjølve, men på dei større gardane henta dei både slaktar og bakstekjering. Nøgdi med varmt vatn og ein dram måtte slaktaren ha og flust opp med med finhoggen tørr granved måtte bakstekjeringa ha for å få javn varme under takka. Ho skulde ha alt i hendene, for der gjekk det på 100 leivar om dagen. Kling og jolekake m.m. skulde bakast og syltre, rakefisk, gomme og andre godsaker lagast.

Og so må me ikkje gløyme ølet, som det var mykje arbeid med. Ølet heldt dei for ei Guds velsigning og alle som kom innom skulde spanderas øl på, so det måtte dei ha vel av. På gardane tok dei ei tunne stritt(godt) korn og i plassane eit kvartel til malt. Det la dei fyrst i ein strigesekk i vatn. So tok dei det opp og ruska litt i det og la det so ut til groing. So var det å turke det i badstoga og so grovmale det.

So sette dei til kveik og humle. Humlegardar var det på kvar staden då eg vaks opp.

Mykje joleved skulde stablast opp ved peis og eldstader og so var det å få vatn til gards. Mest ingen stad var innlagt vatn. Det var mykje folk og dyr mest alle stader då, so det var litt av ein jobb. Som regel vart dei større gutungane pålagde å syte for dette. Gjentene kunde vera til god hjelp for husmora, og dei mindre borni, som ofte gnåla og låg i vegen, vart innprenta at var dei ikkje snille og lydige no føre jol so hadde jolenisssen ingen ting i sekken sin til slike.

Alle skulde lauge seg joleftaen. Før var det i badstoga eller fjøset det gjekk fyre seg, men i mi tid heldt dei til i eldhuset eller stoga. Dei bar inn ein stor balje til ha vatn i og so skulde husfaren vera fyrst, so kom dei andre etter rang og alder. Dei bada i same vatnet, men fyllte på med varmt for kvar gong. Den siste sauene blir kvitast, sa dei. Dette var visst ålment i heile landet. Bergland, som hadde vore prest i Tana før han kom hit, hermde etter ein same: Ein blir aldri so rein som når vatnet er bruka. Noko rett kunde det vel vera i det og. Det vart nok ein sterk såpesaus tilslutt og såpa var hard og tungløyseleg. Dei som fyrst ha bada heisa no jolebandet og skaut inn jola.

I eldre tid gjekk grannane ut på tunet og huva til kvarandre. Det skulde tyda at dei var i fin form og at ølet hadde blitt sterkt. Nokre etternølarar heldt oppe denne skikken til eg kom på skulen.

Etterkvart som dei kom inn or lauget helsa dei i hand og sa God Jol og takk for god laug. So fekk dei øl og eller dram alle. Når alle hadde kome inn samla dei seg rundt festbordet med alle godsakene. Dei song ein salme eller las bordverset. Sume stader joleevangeliet. Seinare var det risgraut til kvelds med smørauga og kanel og sukker på.

Fyrste joledagen skulde alle som kunde til kyrkje. Dei pussa opp hesten med nysølvsele og bjøllekrans og heim att kappkørde dei. Ellers skulde alle halde seg inne joledagen. Andredag fekk tenarane hesten til kyrkje.

Millom jol og nyttår var det tid for jolelag på gardane. Då heldt dei til på «yvistoga» eller «salen» som ellers stod på stas mest heile året. I plass-stogone var ikkje rom til slikt. Tolvteefteen og Trettandagen (Heilage tri Kongar) heldt dei like heilage som jolekvelden. Det var til ære for Jesu mor. Før mi tid drakk dei og Eldbjørgminne 6 januar.

I mi barne- og ungdomstid var det joletrefestane som dominera.

Det var heile 7 skulekrinsar i bygdi då, og mange lag av ymse slag. Men joletrefestar skulde alle ha, so for ungdomen gjekk det frå fest til fest. Dertil kom basarar til gode formål på sine faste dagar. Og skikken var no slik at var det tilstellingar i bygdi, so gjekk folk «mann av huse». Generasjonskløft fanst ikkje.

Før la folk vinn på å klæ seg fint til kyrkje og fest so det var festleg og høgtideleg og sjå. Dei hadde ærefrykt for det heilage, var pratesjuke og nyssgjerrige og helsa i hand på alle. So ingen vart liksom glømd. Det var liksom dei tødde opp etterkvart og smilet og låtten kom fram. Dei song seg liksom saman, og songen auka på etter kvart.

Eg hugsar serleg frå Straumsnes skule der tvo salar kunde opnast i saman so der var betre plass. Lærar Muren var god leidar og hadde drive og arbeidt med eit songkor, so når mange foreldre hadde måtta reist heimatt med dei små, var det tid for unge og gamle rundt joletreet. Då var det so golvet gynga og songen vilde ikkje slutte av. I dei små skulestogone var det trengt når klær og folk skulde inn i eit rom. Dei sat i fanget på kvarandre og nokon var stadig utanfor. Dei måtte fyre bra i dei kalde husa til folk kom, men når huset var fullsett vart det frykteleg varmt, so attiblant måtte døra opp, og då var det so rimfrosten stod langt utover.

Trettandagen ebba joli ut. Då kom «mokarane». Dei skulde helst ikkje syne seg, men fant på ymse fantestykke. Sela på sagkrak-

ken, henta hanen i grannegarden og slepte inn i hønsehuset, heiv vedskier innover golvet o.s.v. Men dette utarta, so det vart ikkje noko moro og det vart slutt med slikt.

Derimot var det svært populært å gå jolebukk. Dei klødde seg ut i gamle klær, ofte gutar i kvinneklær og omvendt, med maske for andletet. Dei skulde vera litt traue å få inn, men dei måtte ikkje reise att før dei ha fenge øl og «bakkels». Og so var det å kjenne dei att då. Og når dei for ropa dei: Hei, du Kari og kom du Knut. Tjugendag sopar me joli ut.

Det var ikkje vanleg med joletre i heimane det fyrste eg kan minnast. Det var mykje stive former og pietisme, so mange var i mot joletre, nissar m.m. Det var noko tøys, ja avguderi. Kristus skulde vere midtpunktet i joli. Men det kom mange nye lærarar til bygdi som stod i brodden for å ha joletrefest i krinsen. Born og ungdom var oppglødde og borni kravde å få joltre heime. Og kven kan stå seg mot tindrande barneaugo og ivrige hender, so snart lyste joletreet i alle heimar.

Enno stend mange av desse joletrefestane i ein eigen glans: Her er ikkje plass til personlege opplevingar, men la meg som eit døme ta med noko frå ein joletrefest i Kyrkjestoga på Sanden. Programmet på desse festane var no oftast det same år etter år. Tale for dagen ved læraren og opplesing av dei eldste borni. Men no var her kome ei ny lærarinne, Klara Seljehaug, og ho ivra for litt skifte på dette. Ho vilde dei skulde oppføre noko ho kalla Bibelens trær. Borni skulde stå rundt joletreet og kvar av borni sei fram eit vers om tre som var nevnde i Bibelen. Men so visa det seg at det var ikkje mange nok i storskulen til dette. Dei mangla ein og so var det nokre som nevnte på meg som nettopp ha slutta i skulen og far hadde sagt at det måtte eg kunna gjere. Eg hugsar eg lika det forferdeleg kleint når far fortalde dette. Eg rekna meg ferdig med folkeskulen og so vaksen at dette skulde dei ha spurt meg om og ikkje bare bestemt at slik skulde det vera. Dertil kom

at me var ikkje oppdregne til sei noko i ei forsamling. Kvinnor og ungdom skulde tie seg då. Men eg skyna at her var ingen veg tilbake, so det var å hoppe ut i det. Me pugga vel alle på verset me skulde ha, men me hadde ikkje noko prøve. So kom dagen og stunda. Me stilte i ring rundt treet og lærarinna sa nokre innleiande ord om at Kristus sjølv ofte nevnde tre i sine likningar og jamvel ha sagt: Eg er treet, de er greinene. Eg skulde først ut og eg hugsar godt verset den dag i dag:

Den stolte ek vil da først jeg nevne.
Blant Bibelens trær den har satt sitt stevne.
Det siste Jakob sin Rakel gav
Det var just under en ek en grav,
på marken tætt utenfor Betlehem,
mens han selv drog sørgende hjem i gjen.

Alle kunne det dei skulde, so det gjekk som perlor på ei snor.
Folk klappa og foreldra var stornøgde.

Eg må og nevne ein ting til frå denne festen. Etter matpausa gjekk lærarinna på katetret og skulde nett byrje att. Då kom det inn ein full mann og bråka, og ikkje ha han fenge mat heller og utanfor kunde me høyre det var ein 4-5 slike. Då gjekk lærarinna ned av kateteret, tok mannen i armen og leide han ut på kjøkkenet. Mat skulde han få, men då fekk han reise heimatt, for her hadde han ingenting å gjere slik som han var. Me syntes alle det var veldig tappert gjort av den unge gjenta.

Og eg trur det då gjekk retteleg opp for meg kor viktig det er å take standpunkt til mange ting du møter i livet og gjere etter si overtyding.

Festen slutta slik som det so ofte vart gjort i mi tid. Me samla oss rundt joletreet og song:

*Her stend me no i flokk og rad,
Kring deg vårt fagre hjarteblad
Å, hjelp at me og alle må
I himmelen kring din kongstol stå.*

La det vera mi helsing til alle som les dette.



Historiar og minne knytt til gamle ferdselsvegar

Hallvard Dalen

Ein av dei eldste vegane er stigen eller stigane som har gått frå Morgedal og/eller Ordal til Øyfjell eller Langlim. Dette er den kortaste leida millom bygdane Morgedal og Øyfjell. Strekninga er omlag 1/3 stuttare enn bygdevegen som går langs låglendet og elva som går gjennom Høydalsmo til Øyfjell.

Fjellvegen eller stigane som går over desse heiane har truleg utvikla seg frå veidemannsrekster til og frå jaktområda for dei folki som var busett i området på den tid. Då det i desse heiane også var mange gode fiskevatn, var heiane verdfulle, og dei gav eit godt tilskot til levemåten attåt det jordbruket gav. I høgdedraget lange Rausidnutan og Hovundfjell var det godt terreng for rjupefangst. Det var mange setrar i området, og desse har vore i bruk like til i 1950 åra. Det var serleg gode beite i desse heiane, slik at på setrane hadde dei forutan mjølkedyr også mykje ungdyr på beite. Likeså var sauebeitet m.a. i Fitjan godt kjent og bruka.

Frå seter – eller staulslivet – i desse heiane, serleg Selvatnliane og nord-vestover, har forfattaren Aslaug Vaa skildra på ein målande måte i sine lyriske liner i diktsamlinga: «Nord i Leite.» Aslaug Vaa hev i sin ungdom vore fleire sumrar på dei store setervollane på Fijan og andra i fjell og liar her i Leite. Faren, Tor Vaa, åtte i si tid denne store fjelleigedomen, der det ei tid var 12 - 15 seterhus. Millom anna vart det i denne tida sett opp eit stort seterhus i to høgder til bruk under dei store skogsdriftene som var i gang under høgkonjunkturen 1914 – 19.

På solsida eller austsida av Selvatn, er det merke etter gamal busetnad, i det det ligg fleire mindre haugar som truleg er gravhaugar eller gravminne. Likeeins finns det opprøysa steinrøyser som minner om røysar etter åkerrydding. Fleire av desse merka er endå nokså tydelege, sjølv om det meste av området er skogvakse. Aslaug Vaa hev i dikta teke med fleire stadnamn og knytter dei til segner om namn på bygdehovdingar som skal hava budd her.

Nordvest for Fitjan ligg Kultan. Her har og vore seterdrift like til i 1950-åra. Frå Kultan gjekk så rekstevegen over det kjente Gjætslemoskardet til Øyfjell. På Øyfjellsida var det og fiskevatn. For dei farande som skulle til Høydalsmo, tok dei av frå hovudli- na ved Fitjan og drog leia vestover mot Ljosdalsvatn. Dei som skulle til Langlim, drog nordaustover ved Kinsarviki. Ved Kinsarviki var det og kjent for gode beite. Dette låg tidlegare under Opsund i Kviteseid.



Garden Huvestad, Morgedal

Vegen over Huvestadheia til Brunkeberg.

Denne vegen vart bruka som kyrkjeveg til Brunkeberg kyrkje i tillegg til at det var den vanlege ferdselvegen til og frå dei gardane og grendene vegen gjekk om. I dei tidlegaste tider vart vel vegen til Brunkeberg mest bruka som rideveg. I dei seinare åra har den då vore mest vanleg som gangveg, også når dei skulle heilt over heia. Ved samankomer slik som til 17. mai og til konfirmasjon vart vegen nytta så langt fram som i 1930 åra.

Frå Huvestad til Brunkeberg var det ei tid heiltupp god veg, slik at folk kunne køyra med hjulkjerre. Det var ei tid stor skogsdrift på Huvestad slik at det var bruk for mange hestar både til skogsdriftene og til lassekøyring av mat og for til folk og hestar. Dessutan måtte dei halda oppe vegane med eit nokolunde minstemål avdi det var skulebora som trong veg til skulen, anten det no var til Dalane skule eller og ei tid til Morgedal.

Frå Huvestad går vegen nedover mot Råmunddal og deretter til Svolsbru, der den møter vegen som dei før kalla almannvegen. Vegen går fyrst ned dei bratte bakkane frå Huvestad, vidare forbi Lintveit og går i sørsida utanfor jordet på Råmunddalen. Deretter over elva og opp ei bratt brekke ved Svolsbru der ein er framme ved hovudvegen.

Vestover frå Huvestad går vegen over eit høgdedrag til det ber litt nedover mot Stavdal. Ovanfor Stavdal går vegen i ei berghylle, der ein ser Stavdal rett under. Vidare forbi plassane Stormyr og Brekka. Desse er nå fraflytte. Litt sør for Brekka er det ein høg, steil nut som heiter Lemendstolen. Denne nuten ris som ein bratt rygg opp frå Dalaåi på sørsida, men den bakre nordsida er noko slakare. Dette namnet Lemendstolen er sjeldant og kan hava sitt opphav i eit stort lemendår.

Plassane Brekka og Stormyr, var stader der det budde folk fast til i 1950 åra. På Brekka budde det i min oppvekst ein mykje bruka skomakar som heitte Jørgen. Han laga sko til alle oss syskini så lenge han hadde helse til å sauma og arbeida med lest og lær. Han tok nøye mål av foten for kvar gong og skreiv det nøyaktig ned på måleskjemaet. I den tida då borna veks var det nok viktig å taka nye mål kvar gong. Det var bare pluggsko som var vanlege, den gongen. Jørgen var dessutan flink til å leggja inn såkalla «knirk» i skosolen. Dette vil seia at når ein gjekk med slike *knirksko*, trong eig ikkje seia frå at her kjem ein med nye sko; folk hørde knirken og skyna det med same. Og for born var det gildt å få syna nye sko i den tida.

Om Jørgen skomakar er det fortalt at han ein gong vart så ille ibeit med ei geit som alltid ville beita i byggåkeren hans. Plassen var liten og åkeren var og liten, så han var nøydd til å taka vel vare på det som åkeren gav. Åkeren var mykje av maten for vin-



Plassen Stormyr, Dalane

teren. Trass i at han jaga geita or åkeren fleire gonger om dagen, gav ho seg ikkje, men kom att og att. Men så etter 2 a 3 dagar på same vis, fann Jørgen ut straffi: Han tjora geita i åkeren med stutt band. Om kvelden vart geita tyrst og tok til å mekra. Sårare og sårare mekra ho heile natta og neste dag med. Heilt til tredje dagen måtte ho stå før Jørgen meinte at ho var avvendt. Då geita vart slept laus, bykste ho i lange hopp or åkeren og hoppa opp i ei bergskorte i det vesle fjellet ovanfor. Sidan skydde ho åkeren og tok omvegar utanom når ho skulle i hus om kvelden. Straffa hadde nok verka slik den var tenkt. Litt ovanfor Brekka ligg Stormyr. Dette er ein mykje større plass enn Brekka, slik at dei hadde meir både av slåttemark og beite. Tidleg i dette hundreåret og fram til sist i 1920åri budde Olav Stormyr der. Dei siste vel 20 åra hadde han vore enkemann. Han var både ein klok og omtenk-som mann. I mange år hadde han vore fast i tømmerfløytinga i Dalaåi. Olav hadde sers god sans for at dette yrket fekk den plas-sen det hadde krav på i folk si omtale. Det var serleg ein del av arbeidet som, etter hans meining, hadde høg status innan yrket, nemleg å kunna vassa djupt vatn der det trongst for arbeidet. Dernest å kunna finna beste måten å løysa tømmervasar på, serleg når det galt den jobben dei kalla «tørrbrote». Det vil seia å løysa opp ein vase etter at vatnet hadde gått ned etter dammen. Ein hadde då ikkje lenger oppdrifta av vatnet til hjelp, men måtte draga ut stokkane med bare muskelkraft. Når Olav omtala dei ymse arbeidskameratane sine frå fløytinga og vurderinga av dei som «åkarar», var dette å kunna «vassa» så eller så djuptvatn, den arbeidsoperasjonen dei då sette høgst. Eg oppfatta det slik at når det av og til vart mannjamning millom fløytarane om kven som var den beste «åkaren», var det den som greidde våga seg lengst ut på djupt vatn utan å bli velta overende av straumen.

Olav Stormyr hadde gjennom eit langt liv samla ei lang rekkje hermer og uttrykk både frå si samtid og litt og frå endå eldre tid. I hans ungdomstid i 1880 åri og frametter til litt over hundreårs-skiftet, var det vanleg at det rusla bjørn i skogane her. Ja, det var

så vanleg at jamvel hjuringane såg bjørn av og til. Men truleg var det på sumartida så mykje mat i gras og sopp at bjørnen ikkje brydde seg serleg mykje etter sau og andre husdyr, utan at han hadde fått smak på blod og vorte slagbjørn. Olav fortalde mellom anna at han som hjuring i 12 a 13 åre alderen, ikkje snudde hei-matt då han eingong , saman med broren, såg ein bjørn med ungar åt blåbær i ein solbakke då dei var på veg til staulen. Dei gjorde ein større omveg for bjørnen , men rusla likevel fram dit dei skul-le, nemleg til ein støy l der mor deira var budeie. Gutane hadde vore ned til bygda eit ærend.

Litt aust for Stormyr ligg Stavdal. Her budde to brør, bae ugifte.

Den eine heitte Olav. Han hadde lagt seg serleg etter å kjenna alle slektene i bygda, både eldre slekter og dei som livde på hans tid,



Nordigard Dalen i Dalane ca. 1880

slik at han var ein mykje nytta sogemann som var til god hjelp for dei som samla tilfang til bygdesoga og gardssoga.

Vegen nedover frå Stormyr mot Dalengrenda er fleire stader bratt, og det er fleire stader heller smale klemstre, slik at det måtte vera passeleg med snø før vegen kunne farast med slede og hest. Det er mellom anna ein stor bekk der det er lagt opp store stein- heller til bru. Den fyrste staden ein kjem til nedanfor bakkane frå Stormyr heiter Frankrike. Dette er eit mindre bruk som har sitt namn etter at det var bustad for ingeniøren som stod for gruve- drifta i nærleiken. Bustaden vart bygd serskilt for gruveadminis- trasjonen, og staden fekk namnet avdi ingeniøren var fransk. Han vart kalla Zinn.

Litt oppe på jordet på Frankrike ligg ein brunn eller kjelde som heiter Dalaspaet. Frå gamalt var det sagt at det var ein kappestrid millom bøndene og andre som hadde hestar om å koma fyrst fram til Dalaspaet 2. juledagen for brynna hesten sin fyrst. Den som kom fyrst, hadde den beste sjansen til å vinna hesteskeidet som vart halde i juli.

Like ved sida av Dalaspaet renn Ledbekken, ein større bekk som er delegrense millom søndre og øvre Dalengardane. Vestover frå Dalengardane går vegen over jordet i omlag same høgde, gjennom eit skogparti og kjem fram til Landsverkgrenda, der vegen går mil- lom nedre og øvre Landsverk. Vidare vestover under eit bratt fjell som heiter Ramberg. Dette er ein bratt nut der vegen går like under og er rydda fram gjennom urda. Namnet Ramberg kjem truleg av ramn. Det har nok vore lagleg lende for ramnereir i den ville nuten ovanfor. Litt vest for Ramberg kjem vegen fram til Tiplemoen, som er ein dyrka mo i utkanten av innmarka på Moen.

Vidare gjekk vegen gjennom tunet på baa Moen og kjem fram til bygdevegen like ved Kovedjuvet.

Politivedtektir for

Kviteseid Herad

Nedanfor gjev me att politivedtektene for Kviteseid, stadfeste ved kronprinsregentens resolusjon av 7. juni 1902.

§ 1

Paa offentlig veg, bryggje eller plass – det vil i denne vedtekti seia veg, bryggje eller plass, som er til allemanns bruk – må der ikkje gaa for seg slagsmaal, skriking eller onnor ufolkeleg eller uvitskeleg atferd. Heller ikkje maa folk paa desse staderne stim- le eller flokke seg ihop soleis, at den offentlege orden vert skipla, eller so, at det vert til hinder for ferdefolki eller ferdsli.

§ 2

Paa slike vegir, bryggjur eller plassar maa der ikkje kjøyrast, ridast eller løypast uvitskelegt eller uvyrdskelegt. Heller ikkje må der løypast med kjelke eller ridast med hjulhest (cykle) soleis, at det vert til hefte eller til hinder for ferdsli. Lensmannen kan for- bjode all kjelkeløyping paa vegir, der ferdsli er serleg stor.

§ 3

Den, som på dei nemnde stader syner, at han er drukken, og som daa med ord eller faktir anten fornærmar nokon eller vert andre til bry eller mein, skal straffast etter denne vedtekti, desutan kan ein, som er drukken, setjast i fengsel til han vert fastande. Paa offentlig veg eller bryggje maa der ikkje spanderast eller drikkast rus- drykk, dansast eller spilast kort.

§ 4

Der må ikkje løysast skot, sendast upp fyrverkeri eller brennast av sprengstoff paa eller etter eller yvi offentlig veg eller bryggje. Heller ikkje maa der kastast med stein eller snjeball soleis at nokon vert skræmd eller kan få skade av det. Vert det skote eller

mina nære offentlege vegir, bryggjur eller plassar eller nære hus, so maa der farast aat med varsemd. Skjoting mot brudreferdir er forbodi.

§ 5

Hingstar eller mannevondt fe maa ikkje gange lause i beite innaat offentlege vegir.

§ 6

Gjerde ved offentlege vegir eller plassar eller kring kyrkjegardar eller sovrne ting, som er sette upp til nytte eller prydnad, maa ikkje verta skadde eller øydelagde.

§ 7

Ingen maa utan fullgod grunn banke paa annan manns port, dynn eller glas, ringje med husklokka eller gjera noko anna eller bera seg so aat, at husens folk vert urodde, skræmde, fornærma eller skadde.

§ 8

Den, som driv med restaurasjonstrafik, skal, solangt det stend til honom, hava umsut for, at der i honoms hus ikkje gjeng for seg noko, som er usømlagt eller mot god orden.

§ 9

Offentlege vertshus eller morohus skal vera stengde fraa kl. 10 um kvellen fyri heilagdagat til klokka 5 ettermiddag desse dagar, og um virkedagane hellest fraa kl. 12 midnatt til kl. 6 um morgonen. Detta paabode skal ikkje vera til hinder for at ferdafolk kan faa hus og mat paa hotell og gjestgivargardar i den undatekne tid av jamdøgre.

Ved fyresegnine i denne § er ikkje gjort noko umbrigde i dei strengare reglar, som etter loven gjeld um tidi, naar brennevin, øl eller vin kann seljast eller skjenkast ut.

§ 10

Ingen maa paa offentlig vertshus eller morohus syne usømlag framferd eller bera seg so aat, at gjestine, verten eller huslyden hans eller folk i grannelaget vert skræmde eller urodde.

§ 11

Offentlege samlingar til dans eller onnor moro maa ikkje haldast medmindre det fyst er meldt til lensmannen. Vert det uppstyr i ei slik samling, so kan lensmannen paabjode dei aa slutte.

Offentlege samlingar til dans eller onnor moro er heilt ut forbodne kvellen og notti fyri heilagdagat og um joledagen, skirtorsdagen, langfredagen, paaskedagen, kristihimmelferdsdagen og pinsedagen. Heller maa der ikkje haldast slike samlingar solenge hestemarknaden i bygd stend.

§ 12

Hundar, som er vonde, skal anten haldast bundne eller hava grime. Lauparhundar eller hundar, som ingen veit eigar til, kann takast av politie og seljast eller drepast 14 dagar etter at eigaren ved lysing, som skal vera kunngjort paa vanleg maate, er varsla.

§ 13

Paa kyrkjegardar maa vokstrar, tre, krossar eller monument ikkje skamferast eller øydelegjast. Grefte maa ikkje vanvyrdast. Paa eller nerare kyrkjegard enn 60 meter maa der ikkje spilast kort, leikast eller dansast.

§ 14

Brot på desse vedtektir vert paatala av det offentlege, og, dersom ikkje noko stridare straffebod finnst, straffa med bøtar fraa kr. 2,00 til kr. 800,00. Bøtane gjeng til heradskassa.

Vene juni

Anna Lie

Lyse, milde sommardagar,
ange i frå skog og eng!
Blomedryss frå kvite hagar
sigler rundt på lette veng.
Linne vårvind stryk så kjærleg
med ei hand så varm og mild.
Ja, du juni, lys og herleg
alt av vent du gjeva vil.
Der er blomar, mange, mange.
Vent dei skin i junisol.
Lat dei lyse, lat dei ange,
skjerablom og marsfiol.
Og i vinden voggar sjusjær,
der er blåøygd gløym – meg – ei.
Inn i mellom lette blåfjær
er så vent med engsolei.
Lubbi tiriltunge lyser
veks i lag med kattefot.
Turre tuva henne hyser,
såleis og med tepperot.
Men dei vender alltid auga
opp mot varme junisol.
Og av morgondoggi lauga
angar nyskapt blå fiol.



Ferdsel på isen

Hallvard Dalen

Det er i dag sløtt ikkje så lenge sida at fleire grender, som låg litt avsides til, har fått veg, og dermed har det og blitt vinterbrøyting slik at dei har brukande bilveg heile året. Dette har vore ein sjølv-sagt ting for andre delar av bygda som har lege meir sentralt.

For dei av oss som er litt eldre, hugsar nok at de langtfrå har vore sjølv-sagde goder alle stader. Alt fram til midt i 1960-åra var folka som budde på vestsida av Vråvatn og på austsida av Flåvatn i Fjågesund veglause. Jamvel Kilen var utan vegsamband heilt til 1959. Vegen fram til Fjågesund langs vassgraget ovanntil frå Kviteseid Gard vart fyrst opna hausten 1963, og vegen fram til Østenå vart ferdig køyrande 1977/78.

Alle desse grendene var veglause, og folka avhengige av båt eller isføre om vinteren når dei skulle ha tur til skulen, kjøpmannen eller til offentlege kontor. På Kviteseidvatn og Bandak gjekk båten i rute annankvar dag så lenge båten greidde å knasa isen til råk. Men det er mange stader langt millom dampskipsbryggene, for det meste millom 1 og 2 mil, slik at folk som budde millom desse bryggene bruka anten pråm ut til båten, som då stoppa på signal midt i båt-leia og venta til pråmen kom innåt, eller at dei bruka spark eller kjelke på isen ut til båtråka, og så venta ved iskantem til båten kom. Skulle ein stiga av båten var det og slik at passasjeren måtte hava varsla nokon der dei skulle i land til å møte opp med båt i skipsleia. Båten stoppa då og på signal og passasjeren hoppa ned frå lågaste plass i lasteromet. Men då det ikkje var postgang og ikkje veg på vestsida, og heller ingen telefon på desse strendene, måtte ein senda bod pr brev til staden minst 10 dagar fyreåt for å kunna rekna med at meldinga hadde kome fram. Om vinteren med isføre gjekk det raskare. Når isen

var lagt, og hadde lege nokre dagar, kunne folk hoppa ned på isen frå båten. Det vart oftast lagt nokre fjølar ned på isen til å stå på, då isen gjerne vart noko oppsprekt lite ved båtråka. Når kulda hadde vara ei vike eller så, var isen sterk nok til å stå på utan noko underlag. Det var serleg spanande å hoppa ned på isen når det var nylagt is. Isen er då vanleg svært mørk der fjorden er djup. Ein kan soleis ikkje vita sikkert om isen er tykk, før ein har prøva den med øks eller isvekkje.

Dette har eg då og hatt til fast regel, at med ei øks lett tilgjengeleg i sekken eller på sparksetet, kunne ein prøva isen straks og vidare innerter mot land med jamne millomrom for å kjenna seg trygg. Når isen hadde lege 3 a 4 viker tykna den allfort og vart gjerne frå 50 – 80 cm.



Fjågesund, 1896. Hundre år før arbeidet på Fjågesundbrua tok

Det var fram til den tida vegen kom langs stranda til Fjågesund ingen telefonar der. Folk fekk som regel post bare ein gong i vika, når dei henta post sjølve samtidig med besøk til handelsmannen. Difor gjekk beskjeder seint for seg. På vestsida av Vråvatn, var det heller ikkje telefon før langt ut i 1950 åri.

På vestsida av øvre Nisser, til Horgeviki og Heddersviki var det heller ingen veg. Når isen var lagt, var dette einaste framkome til skogsdriftene der. Og det var årlege drifter i dette området. Det var og oftast store tømmerdriften der. Det var beinaste vegen over frå Myrland. Her var og beste isen, då dette området ligg sør for den øyrike strekninga midt for Steane, der isen som regel er mindre god millom øyane og holmane der.

Når isen var blank og fin, gjekk det lett å koma fram både med ski, og aller best med spark og isbrodde. På spark gjekk det mest like fort som med sykkel på slikt føre. Og det var og svært spanande å sjå kor stød ny stålis var. Ny stålis, utan rim og snø, kunne vera gjennomsiktleg fleire meter nedover. Det var heller nifst å sjå mot det myrke djupet i vatnet. Isen verka mykje meir utrygg mot den mørke grunnen. Men så hadde ein då øksa eller isvekkja med, til å prøva om isen var tykk nok til å kunna sparke vidare innover mot land.

Ei ulempe ein ofte fekk når ein for over islagte vatn, var at isen kunne «vatne». Etter snøfall, serleg med tung snø, kom det opp vatn som samla seg millom isen og snøen. Snøen verka då mest som eit trekkpapir, slik at snøen vart vassblaut heilt oppunder skorpa på toppen. Det var særleg i tida januar til mars, før det vart skikkeleg skare på snøen, at dette hende. Men ved at det bare hadde kome eit lite snøfar på isen, var det fint glidande både ski- og sparkeføre. Men så hende det, som oftast heilt uventa, at skia skar i gjennom snøen idet ein kom over ei slik vassbløyte og skii vart tykke som stokkar på eit blunk. Var det bare ei eller eit par slike «bløyter», gjekk det an å koma over partiet med å skrapa skia.

Det var serleg der det var føykesnø, der snøen er mykje djupare og der det var sprekkar i isen at ein fekk desse «vatningane». Eg kan knapt vita noko tyngre skiføre enn å slita seg fram med ski som er tykke som stokkar av is. Skiftevis kunne ein gå på ski og skiftevis måtte ein bera skii over desse strekningane. Av og til var desse «bløytene» så djupe at vatnet gjekk over støvlane slik at ein var gjennomvåt på beina. Og so i dei neste minuttane var støvlane harde som isklumpar. Var ein kjent med at isen «vatna», kunne ein take med gummistøvlar. Men det var nok få eller ingen som kjente til slikt, for isen endrar seg frå dag til dag, etter temperatur og nedbør. Det var heller ikkje noko alternativ å gå langs strandi, der det gjerne var 80 til 100 cm laus snø, der ein gjekk til botn. Dertil var det urd og ulende.

Ferdsel på isen i denne tida var eit heilt nødvendig del av den daglege arbeidsrytmen, og hørde med til tilværet for dei som budde på dei ulike stadene langs strendene. Likeeins for folk utanfrå, som i sitt arbeid måtte reisa der meir eller mindre regelmessig. For min eigen del kan eg aldri hugsa at eg nokongong har vore så sliten av noko som under og etter ein tur frå Fjågesund til Spjotsodd der det var overvatn på isen i fleire kilometer. Det var kuldegrader i lufta og vatn på isen under ei lett snøskorpe.

Med denne bakgrunn om tilhøva tidlegare, kan ein godt skjønna kor glade oppsitjarane i slike grender kan verta når dei får veg. Soleis har eg sjeldan eller aldri opplevd å høyra nokon på desse stadene vera så glade over å få melding om at det skulle bli veg innan 1 år som folka på strekninga millom Kilen og Fjågesund, då eg samtidig også måtte få ei fråsegn frå grunneigarane om fri grunn til vegen. Eg synest ein må taka med i denne samanhengen å nemna kor lite ein del av dei mest nidkjære såkalla naturvernarrar kjenner til kva tilhøve folka på desse strekningane har levt under, når dei protesterar og klagar over at det skal bli veg og bru til Kilen og Fjågesund. Og som argument held fram at det vil ver-

ta naturrasering og nærmast vandalisme at det vert bygd veg dit. Ein kan tru at desse klagarane heilt vantar realistisk syn, eller at dei har fått den vrangforestillinga at det er «tøft» og moderne å protestera. Sjølve kjenner dei fleste ikkje meir til området enn det ein ser frå ein fin motorbåttur ein fin soldag om sommaren. At det andre tider av året er både vindog isvanskar kan dei knapt hava tenkt seg.

Fyrste rasefesjået i Noreg

For 140 år sidan, i 1856, vart fyrste rasefesjået i Noreg halde på Moen (prestegarden) i Kviteseid. Det vart sidan halde årlege fesjå på ulike stader rundt i bygdene. Frå midten av 1860-talet har fesjået blitt halde fast på fesjåplassen i Seljord.

I 1956 vart det arrangert stort stemne i Kviteseid i samband med 100-årsjubilet. Det har snautt vore samla så mykje folk på stemne i bygda korkje før eller sidan. Kronprins Olav deltok under feiringa.

På bilet under ser vi kronprinsen under avdukinga av minnesteinen på plassen mellom heradshuset Moen og Moen skule.



Kronprins Olav under avdukinga av minnesteinen for det fyrste rasefesjået i Kviteseid.

I samband med jubileet vart det oppført eit jubileumsspel. På biletet ser vi ei scene frå spelstykket. Amtmannen delar ut premie for den gilde telemarkskua. Frå venstre «trompeter Tov Dalen», «statsagronom Lindeqvist» og «amtmann Aall».



Jubileumsspelet under jubileumsfeiringa i Kviteseid i 1956.

Godt sagt

Tor O. Sanden

Barbro Tarjeisdatter f. 1862 var nr. 2 i ein syskinflokk på sju som var fødde på ymse av plassane rundt Briskelid. Mange av desse var seroms ordhage til å kome med korte replikkar som råka spikaren på hovudet. Barbro var gift med Erik Evja frå Nissedal.

So var det eit år dei var so opprådde for budeie på Øy og bonden var på Barbro og ville få ho til å take på seg «stullet». Barbro var særst dyrekjær og nett då hadde ho ei geit ho var so glad i, og geita likedan, so ho fylgde henne «fots føte» der ho for. So Barbro tvila på om ho kunne dette, for då måtte ho skilje seg med geita. Men då sa bonden. «Når geita fylgjer deg so kan du berre ta ho med deg.» Og slik vart det.

Barbro heldt seg kosten sjølv. Det var godt fiske mellom Øy og Briskelid, so iblandt sette Barbro ut garn her. So var det ein morgon ho heldt på å take opp at ho oppdaga noko som lyste stort og kvitt i garnet og som sprella og var so tungt at ho våga ikkje take det opp åleine. Men ho gådde ein annan fiskar like i nærleiken og skreik om hjelp. Han kom i ein fart og saman fekk dei kveila fangsten opp i pråmen. Det var ein stor aure og dei la seg over han bære, og tviheldt til mannen fekk kniven opp og stakk den i nakken. So bar det til Øy, der fisken vart vogen i fleire vitners nærvær. Han vog 12 kg. Ingen hadde fenge eller høyrte om at det var teken so stor fisk i Nisser. Hovudet spikra dei opp på bursdøra, der det var å sjå i lange tider. So spurde dei Barbro: «Kva tenkte du då du såg den store fisken? Å eg kom so i hug geita mi. Eg tenkte ho hadde kome etter meg og vasa seg inn i garnet» Sa Barbro.

Dei sat saman nokre kjeringar ein kveld og rødune gjekk om laust og fast. So kom dei og inn på temaet at no kom og mykje av det

vonde og innover bygdene og freista folk. Det gjaldt å vera på vakt og kjempe mot slikt. Det var dei alle sjønt enige om og til slutt sa Barbro. «Det er no uvant for dikkon som har bare ein Gamle-Erik å slåst med, men eg har to.»

Under siste krig var det ikkje kraftfor å få til dyri. Det vart fabrikkera noko cellulose som tilskotsfor. Det var einsidig og utan vitaminer og mineralstoff.

So var kyri av Barbro blitt sjuk. Mjølka mest ikkje og ville ikkje eta. Det var ikkje anna å gjera enn å få tak i dyrlegen i Kviteseid. Det var ein nasist det då.

Dyrlegen spekulera fælt, for kyri var velstelt og både fin og feit, noko som ikkje var tilfelle alltid i dei dagar. «Hva gir De koen deres da» sa dyrlegen. «Cellulose og Fritt Folk» svara Barbro. (Fritt Folk var organ for N.S.) Det var mangelsjuke kyri leid av.

Det var sterk etterspørsel etter tømmer med same krigen var over og agitera sterkt for at skogsarbeidarane gjorde det dei kunne, då det betydde mykje for å attreise landet. Godseigar Aall, som åtte dei store skogane i Kilen, sette igang storhogst og tre gutar frå Vrådal reiste dit. Dei reiste heim att kvar laurdag og tok båten frå Kilen til Smeodden. På båten råka dei på ein bykar som gav seg i snakk med dei. Han var veldig intressera i det dei dreiv med og spurde dei ut på kryss og tvers. Dei fortalde at det var stor skog, men at dei måtte drage det saman med handmakt so det var eit fælt slit. «Men dere gjør en innsats for fedrelandet» sa bykaren. «Ja, og for Aall'n», sa den mest ordhage av dei.

Under okkupasjonen var det fangeleir og tysk vaktstyrke i Vråliosen. Tyskarane skyna nok at dei ikkje var velsedde av dei fleste rundt ikring. Og rett som det var kom rykte om motstandsfolk og rømlingar som var i farvatnet. So dei var svært

mistenksame og undersøkte i husi av og til. So ein gong kom dei til Petter Flateland eller Petter Osen som me kalla han og forlanga å sjå gjennom roma. Jau, Petter var meir enn velviljug og det fyrste han gjorde var å vise dei inn på romet til mor si. Ho var eldgamal og sengeliggende. «Kven er det?» peip det bort i senga. «Å, det er nokre jegarar som vil inn å sjå til deg.» sa Petter. Men då sjemdest tyskarane og tok ut att med ein gong.

Pastor Dahle (1847-1911) var på mange måtar ein original. Han var lærar nokre år. Men bestemte seg so for å bli prest og tok eksamen 41 år gamal. Han virka som prest nokre år, mest på Vestlandet. Han tok avskil i 1909 og busette seg på Nedre Lønnegraff og sette igang store utbetningsarbeid. Han åtte både Dale og Nedre Lønnegraff som var store skogeigedomar då. Han var blitt smitta av tuberkulose ein gong og var ikkje helsesterk. Denne sjukdomen var reine landeplaga då og legane hadde ikkje stort anna å stille opp med enn sol og frisk luft. So han var sterkt oppteken av desse spørsmåla og eit sundt levesett.

Han hadde fleire husmennar i arbeid og gjekk av og til og såg til arbeidet og tala med dei. So kjem han til gamle Jon Bakken som dreiv med tømmerhogst. Han heldt på med siste stokken før han skulle ha matkvild. Han stelte til kaffevarme og dei sette seg ned og rødde. Presten sat og såg på Jon med han åt, der skive etter skive gjekk ned på høgkant og so sa han, at han skulle ønskje at han hadde matlyst. «Ein blir svolten og treng mykje mat når ein har so tungt arbeid» sa Jon. «Det er nok tungt, men det er sundt» sa pretemannen. «Hå for i Jøssu navn arbeider ikkje du då» sa Jon.

Gamle Olav Strånd og kona Kari hadde skjusstasjon på Strånd. Der var jamt mykje arbeidsfolk og stor oppgong av reisande av ymse slag. Olav og Kari var vide kjende for å vera gjestfrie og hjelpsame mot dei som kom. Olav var ikkje lite av ein original, frittalande og humoristisk, so det er mange soger om han.

Kviteseidpresten hadde halde messe i Nissedal og han hadde frua med. Men det slo til med snøvær og tungt føre so både hest og prestefolk var trøytt når dei kom til Strånd, so dei køyrde opp og bad om husrom. Dei kom heilt uventa, og alt var opptekje. Men Olav sa at han kanskje kunne rydde eit lite rom dersom presten ville ta tiltakke med det. Jau, presten sa at romet var bra nok, «men jeg savner et nattmøbel her» sa han. «Å, eg skal hente ei flaske» sa Olav. «Det kunde nok jeg klare mig med, men så er det min kone» sa presten. «Å, eg skal få tak i ei treft» sa Olav.

Ein annan gong hadde presten glømt att tuluppen (ein pelsfora, sid frakk som vanlege embetsfolk bruka) sin på romet. Han hadde kome langt nedi vegen då Olav gådde det, men han sprang etter og ropa. «Presten hev glømt att Tullebukken sin.»